

SEIERSTAD-HOPSA

frå Namdalen

M.M. ♩ ≈ 80-108 V

Bytomfotsteg: (S S S^h S) (S S S^h S) (S S S^h S) o.s.v


OPPSTILLING På to rekkjer, gutane til høgre sett frå musikken. Avstanden mellom rekkjene er så stor at dei dansande para får rom til å dansa mellom. Før dansen tek til, deler ein para inn i oppsett med einarpar, toarpar og ståpar.

TAK For ledig hand: Gutane har lågt hoftefeste med v. handa. Jentene held i stakken med begge hendene. Dette gjeld når dansen startar, i helsingane og elles når dei står i ro i rekkjene.

STEG Bytomfotsteg med hopp frå feiar (SSS^hS).

Takt 5-8, 5-8 **Einarguten byr opp til dans**
Før dansen tek til, byr einarguten opp einar- og toarjente og toargut.

Takt 1-4 **Einar- og toarpar tek åttetalstak - dansar nedover og snur - 4 bytomfotsteg**
Einargut og toargut og einar- og toarjente tek til med V foten, dansar 1 bytomfotsteg med appell mot kvarandre og tek saman med åttetalstak: Einargut og toarjente tek saman med h. hand. Einarjente og toargut tek saman med v. hand i kross under. Alle gjev ledig hand til eigen dansar.



Med dette taket snur så alle fire slik at dei får ryggen til musikken og dansar vidare beint ned mellom rekkjene på 3 bytomfotsteg.

På siste trinnet i siste bytomfotsteget, som har eit lite hopp, snur dei på denne måten:



Einarguten lyfter h. handa si høgt utan å sleppa taket, fører jenta si føre seg under armen og følgjer sjølv etter samstundes som han snur seg med sola slik at han og jenta kjem side om side med andletet beint mot musikken. Toarjenta snur og flytter seg litt fram slik at ho kjem opp ved sida av einarguten. Toarguten snur og flytter seg fram og opp ved sida av einarjenta.

Slik kjem alle fire på ei bein rad vende mot musikken. Dei slepper ikkje taket under sninga.

Takt 1-4


Einar- og toarpar dansar oppover på ei bein rad - 4 bytomfotsteg

Alle lyfter hendene i akslehøgde tek til med V foten og dansar oppover mot musikken på 4 bytomfotsteg slik at dei kjem nett til den opne plassen i rekkjene der dei høyrer heime.


Takt 5-8,5-6

Einarpar og toarpar dansar kjede med fire - 6 bytomfotsteg


Alle slepper taket. Gut og jente gjev h. handa til kvarandre, toarparet bak ryggen til einarparet. Dei dansar 6 bytomfotsteg i kjede med fire. Dei tek til med V foten, og brukar 1 bytomfotsteg for kvar dei møter i kjeda. På 6. steget dansar dei forbi framand og møter eigen. No har einarparet og toarparet bytt plass.




Oppstilling




Para har teke saman med åttetals-taket og skal dansa ned mellom rekkjene.



Para har snudd og skal dansa opp mellom rekkjene mot musikken.



Para dansar kjede



Toarparet har dansa seg baklengs inn på plassen som einarparet hadde då dansen starta og skal no stå i ro. Einarparet har stogga midt mellom rekkjene og skal no ta åttetalstaket saman med det «nye» toarparet.

Takt 7-8

Einarparet svingar rundt ein gong, toarparet ein halv – 2 bytomfotsteg

Når gut og jente møter kvarandre, høver det slik at dei tek høgre hand i høgre. Dei dansar to bytomfotsteg rundt med kvarandre på dei to siste taktene i musikken. Guten legg v. handa om overarmen til jenta for å stø henne. Einarparet svingar rundt ein heil gong og stoggar midt mellom rekkjene.

Toarparet svingar rundt berre 1/2 gong og skiljest slik at gut og jente dansar seg baklengs inn i kvar si rekkje på plassane einarparet hadde då omgangen tok til. Einarparet som stogga midt mellom rekkjene, trør fyrste steget om lag på staden når neste omgang tek til.

PROGRESJON Når dansen tek til att på ny, får einarparet med seg ståparet som toarpar. Toarparet vert ståpar i nytt oppsett. Når eit toarpar kjem øvst i rekkjene, må det stå over 2 gonger før det kjem med i dansen att som einarpar. Andre gongen det står over, byr guten opp til dans medan dei andre oppsetta dansar kjede.

Når einarparet kjem nedst i rekkjene, vert det ståande over ein gong før det kjem med i dansen som toarpar.

OPPLYSNINGAR

Dette er ein av dei 7 rekkjedansane som Klara Semb teikna ned etter Johannes Moe (1851–1923) frå Overhalla i Namdalen. Moe kom til Trondheim for å møte Klara Semb, og dei øvde inn dansane med ei gruppe dansarar frå Bondeungdomslaget i Nidaros 28. februar og 1. mars 1922. Samstundes skreiv K. S. dei ned.

Seierstadstadsopsa kom med i NF II 1922 og har vore med i alle utgåvene sidan. I dei fyrste to ber han tittelen Feiar, med Seierstadstadsopsa som undertittel. I 1922 er stega berre bytomfotsteg, i 1925 snur dei under armene med eit hopp når dei har dansa ned mellom rekkjene, og i 1935 har stega vorte bytomfotsteg med hopp, og det har vorte ståande seinare. I dei fyrste 2 utgåvene heiter det at para dansar 2 bytomfotsteg mot kvarandre og så ned mellom rekkjene, seinare har det vorte berre eitt.

Det er noko uvisst korleis Seierstadstadsopsa har fått namnet sitt. I ein artikkel som Klara Semb skreiv i Den 17de Mai 31. mars 1922, seier ho at ein av «dei største og eldste herregardane i Trøndelag heiter Seierstad». Det ligg ein gard med namnet Seierstad på Jøa i Ytre Namdalen. I alle høve er denne dansen ein typisk feiar slik dansen var som motedans fyrst på 1800-talet. I Trøndelag brukte